Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 17.02.2026
Vår ref: 2019/7463
Dykkar dato:
Dykkar ref:

SEASHORE INDUSTRI AS
Øklandsvegen 90
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Løyve etter forureiningslova for Seashore Industri AS

Statsforvaltaren i Vestland gir Seashore Industri AS nytt løyve til forureining frå slakting og foredling av fisk på inntil 55 000 tonn ferdig produkt per år, jf. produksjonsramma i løyvet.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16, og endra med heimel i forureiningslova § 18, tredje og fjerde ledd. Unntak frå dei bindande utsleppsgrensene (BAT-AEL) er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 36-15, fjerde ledd. Verksemda får mellombels unntak frå BAT-AEL i fire år, til og med 31.12.2029.

Vilkåra i det nye løyvet er oppdaterte i samsvar med generelle krav til forureinande verksemd i kapittel 36A i forureiningsforskrifta og dagens standard elles.

Verksemda skal betale eit gebyr til statskassa for arbeidet med endring av løyve på 137 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Vi viser til søknad om tidsavgrensa dispensasjon frå utsleppskrav etter industriutsleppsdirektivet, til søknad om auka produksjonsramme datert 6.11.2023 og til opplysningar om vurdering av BAT-konklusjonar i samband med planlagd oppdatering av verksemda sitt løyve til forureining etter forureiningslova og til andre relevante dokument i saka.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gir Seashore Industri AS nytt løyve etter forureiningslova i samsvar med nye utsleppskrav som følgjer av at Seashore Industri AS er omfatta av EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED), med tilhøyrande BAT-konklusjonar med bindande utsleppsgrenser (BAT-AEL.) Produksjonsramma er 55 000 tonn ferdig produkt per år.

Verksemda får mellombels unntak frå BAT-AEL i 4 år, til og med 31.12.2029, jf. forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd. Når den driftsansvarlege kan dokumentere at de oppnår utsleppsgrensene sett i løyve i tråd med BAT-AEL, kan verksemda auka sin produksjon til 75 000 tonn per år. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og revidert med heimel i forureiningslova § 18, tredje ledd og fjerde ledd.

Løyvet omfattar mellom anna utslepp av prosessavløpsvatn, inkludert utslepp av vatn ved

reingjering av produksjonsutstyr, produksjonslokale og losse/lasteområde på kai knytt til verksemda.

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve gitt til Bremnes Seashore AS datert 23.09.2013 med endringar av 30.09.2014. Løyvet med krav og vilkår er vedlagt og gjeld frå 17.02.2026.

Seashore Industri AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett etter sats 4 som svarar til 137 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

Fristar

Det nye løyvet inneheld følgjande krav med spesifikke fristar sette i løyvet:

Tiltak	**Frist**	**Referanse til vilkår**
Rapportering til Statsforvaltaren via Altinn	01.03 kvart år	10.2 og 15.1
Overvake resipient etter vassforskrifta	kvart 4. år	11.1
Utarbeide ein tiltaksplan	01.06.2026	15.1
Utarbeide/revidere program for utsleppskontroll (måleprogram)	01.06.2026	15.2
Tilstandsrapport forureina grunn og grunnvatn trinn 1-3	01.01.2027	15.3
Utgreiing om korresponderande verdiar for KOF-TOC	01.03.2027	15.4

Kort om bakgrunnen for saka

Seashore Industri AS har eit løyve etter forureiningslova som er gitt til Bremnes Fryseri AS datert 23.09.2013 og sist endra 30.09.2014. Aktiviteten ved anlegget er slakting og vidareforedling av oppdrettsfisk (laks og aure).

Det tidlegare løyvet frå 2014 bygde på målingar med feil tallgrunnlag, noko som resulterte i at grenseverdiane vart sett for strengt og dermed feilaktig. Seashore Industri AS har varsla Statsforvaltaren om dette og har forsøkt å rette opp feilen. Difor har det feilaktig framstått som om Seashore Industri AS har overskride grensene, sjølv om målingane ikkje har vore basert på det rette grunnlaget. Dei korrekte grenseverdiane tilpassa dagen reinsekapasitet, synest i dag til tabell 3-1 i vilkårsdelen, slik det står i løyvet av 17.02.2026.

I samband med verksemda si BAT-utgreiing er det konkludert med at dagens utsleppsgrenser ikkje er i tråd med dei bindande BAT-AEL-krava i FDM-BREF-en. På bakgrunn av dette sende Seashore Industri AS den 6. november 2023 inn søknad om mellombels unntak frå desse krava og samstundes søknad om auka produksjonsramme. Føremålet er å få tilstrekkeleg tid til å gjennomføre nødvendige reinsetiltak for å kunne etterleve krava på sikt. Søknaden har vore til samråd med Miljødirektoratet, og vi har no fått klarsignal til å kunne gi unntak i ein avgrensa tidsperiode.

Når det er over 10 år sidan løyvet ble gitt sist, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 tredje ledd endre løyvet.

Løyvet frå 2014 er utdatert, og dei grenseverdiane som går fram av løyvet er ikkje korrekte, jf. avsnittet ovanfor, når ein samanliknar med gjeldande standard for løyve til landbasert verksemd. Difor vert løyvet no oppdatert.

Forureiningsforskrifta kapittel 36A om generelle krav til verksemder som forureinar vart vedteke 1. januar 2025. Einskilde vilkår som er gitt i løyve frå 2013 vil vere tilstrekkeleg regulerte i denne forskrifta og er difor ikkje tekne med i det nye løyvet.

Rettslege utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om vi skal gi løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad aktivitetane løyvet gjeld for er akseptable sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Forureiningslova § 18 tredje ledd opnar for at statsforvaltaren kan endre/revidere eit løyve når det har gått ti år sidan førre revisjon, medan § 18 fjerde ledd gir høve til å endre løyvet når det er krav om dette etter reglar som gjennomfører IED (direktiv 2010/75/EU).

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver styresmakt. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12, som mellom anna gjeld kunnskapsgrunnlaget, føre-var-tilnærming og samla belastning, leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36 og 36A

EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett, mellom anna i forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal syte for at verksemder med løyve til forureinande aktivitetar, og som er omfatta av IED, nyttar beste tilgjengelege teknikkar (BAT) knytte til den aktuelle bransjen og at dei som eit minimum stettar tilhøyrande utsleppsgrenser (BAT-AEL).

Unntak frå BAT-AEL

Etter § 36-15 fjerde ledd kan Statsforvaltaren i særlege tilfelle og etter samråd med Miljødirektoratet, gjere unntak frå § 36-15 første ledd og setje mindre strenge utsleppsgrenser. Det kan berre gjerast unntak der utsleppsgrensene som er sette i samsvar med første ledd med bakgrunn i geografisk plassering og lokale miljøtilhøve, eller tekniske tilhøve ved anlegget vil føre til urimeleg store kostnader samanlikna med miljøfordelen.

Industriforskrifta

Generelle vilkår som tidlegare var nedfelte i løyvedokumentet, er frå 01.01.2025 samla i forureiningsforskritta kapittel 36A (Industriforskrifta)[1].

[1] Forureiningsforskrifta kapittel 36A

Nasjonalt prioriterte stoff
Norske miljøstyresmakter har som mål at utslepp av dei helse- og miljøfarlege stoffa og stoffgruppene, som er oppførte på lista over nasjonalt prioriterte stoff, skal reduserast vesentleg og på sikt stansast heilt. (https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/kjemikalier/den-norske-prioritetslista/).

Informasjon om verksemda og utsleppa/forureiningspotensialet

Seashore Industri AS er lokalisert i Øklandsvågen i Bømlo kommune.

Arealbruk: Anlegget ligg i eit område regulert til industri i Reguleringsplan for utviding av industriområde Kvernavika gnr. 100, bnr. 2 mfl., Økland (Plan ID 201708). Tiltaket er i tråd med reguleringsformålet. Drifta skal også overhalde vilkår sett i reguleringsplanen, datert 18.06.2018. Det er kommunen som er planmyndigheit og følgjer opp vilkår sett i arealplan.
Det er nokre bustadhus omkring anlegget. Alle bustader er eigd av Bremnes Seashore AS, unntatt to stykk. Det er fiskerihamn i vågen, der verksemda har ein oppdrettslokalitet nær utsleppet frå reinseanlegget.



Kartutsnitt frå kommuneplanen.

Produksjonsramme: Verksemda har eit løyve til forureining etter forureiningslova frå ein årleg ferdig produksjon av 55 000 tonn per år for slakting og foredling av laks og aure. Kapasiteten per døgn er 327 tonn, med ei driftstid på 264 døgn per år, over 10 år. Produksjonsramma kan aukast til 75 000 tonn ferdig produkt når den driftsansvarlege kan dokumentere at de oppnår krava til utslepp i tråd med BAT-AEL. Dersom produksjonsramma vert auka, må også utslepp av prosessavløpsvatn reviderast i samsvar med produksjonen (ved produksjon av 75 000 tonn ferdig produkt, vil utsleppsbehovet av prosessavløpsvatn vere 400 000 m^3).

Vassforbruk og utslepp: Verksemda nyttar ferskvatn og sjøvatn til utbløding av fisk etter slakting, produksjonsprosessar (bufferkar) og reinhald (vask og desinfeksjon av produksjonslokale og -utstyr). Prosessavløpsvatnet går gjennom ein reinseprosess før det blir sleppt ut.

Slakteriet har ein 6 km lang utsleppsleidning, med utsleppspunkt vest for Trettholmsosen, ut i Nordsjøen, nordvest for Øklandsosen. Utsleppspunktet ligg på ca. 50 m djup på sand- og skjelsandbotn.



Utsleppsleidning frå verksemda

Reinseprosess: Prosessen består av to-stegsfiltrering (600 µm og 300 µm) før desinfisering med hypokloritt og maursyre. Dette er standard reinsemetode for lakseslakteri. Hovudkjelda til forureining av prosessavløpsvatnet er at det kjem i kontakt med produkt og biprodukt gjennom den daglege produksjonen.

Verksemda nyttar kjølevatn til kjøling av mellom anna kjøle- og frysekompressorar.

Energi: Verksemda nyttar pr. i dag berre elektriske energikjelder. I årskiftet 24/25 vart propankjele (500 kW) for oppvarming av bygg og vaskevatn, bytta ut med ny varmesentral med varmegjenvinning frå overskuddsvarme og elektrisk CO_2 varmepumper (2 x 200 kW) med COP på rundt 5.

Kjemikal: Hovudgrupper av kjemikal som er i bruk er reinhaldskjemikal (vask- og desinfeksjon), desinfeksjon av avløpsvatn, kjemikal til reparasjonar og vedlikehald, kjølemedium, kompressorolje.

Avfall: Aktivitetane ved anlegget fører til at det blir generert avfall, både organisk avfall frå produksjonsprosessane, slam frå reinseprosessane, ordinært næringsavfall og farleg avfall. Verksemda genererte 8706 tonn biprodukt i 2024, jf. eigenkontrollrapporten.

Om unntak frå BAT-AEL grenseverdiar for utslepp til vatn

BREF-dokument og BAT-konklusjonar
EU sitt Industriutsleppsdirektiv (IED) er implementert i norsk rett gjennom mellom anna kapittel 36 i forureiningsforskrifta. Verksemder som er omfatta av direktivet skal regulerast med utgangspunkt i kva som vert sett på som dei beste tilgjengelege teknikkane (BAT) for bransjen. Det er utarbeidd BAT-referansedokument (BREF) som omtalar desse teknikkane og tilhøyrande BAT-konklusjonar med forpliktande utsleppsnivå (*BAT Associated Emission Limit, BAT-AEL*).

Forureiningsstyresmakta skal sikre at vilkår i løyva til verksemdene er i tråd med dei nye forpliktande utsleppsnivåa (BAT-AEL) seinast fire år etter at BAT- konklusjonane vart publiserte. BAT-konklusjonar for næringsmiddelindustri Food, Drink and Milk – Industries vart publiserte 4. desember 2019, og fristen for gjennomgang og oppdatering av vilkåra i utsleppsløyva var dermed 4. desember 2023.

BAT-konklusjonane gjeld for verksemder som behandlar og bearbeider animalske og/eller vegetabilske råstoff med sikte på framstilling av næringsmiddel eller fôr, og som har produksjonskapasitet over ei gitt grense, jf. forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg I, punkt 6.4 b) og c).

Eit av hovudformåla med IED, i tillegg til å beskytte det ytre miljø gjennom å redusere forureining så langt som mogleg, er å sikre like konkurransevilkår for europeisk industri. Det er gitt BAT-konklusjonar om mellom anna miljøstyringssystem, utsleppsmålingar, energieffektivitet, vassforbruk og utslepp til vatn, støy og lukt som gjeld alle sektorar.

Det er verksemda sitt ansvar å vurdere naudsynte og kostnadseffektive løysingar for si verksemd opp mot vedtekne BAT-konklusjonar slik at BAT-AEL blir oppnådd.

Vurdering av kost-nytte

Verksemda har ikkje framlagt estimerte investerings- og driftskostnadar sidan dei per no ikkje har bestemt kva teknologi dei kjem til å nytte. I saka blir det opplyst at andre liknande verksemder har antyda investerings- og driftskostnader på ca. 50 MNOK og 3-10 MNOK/år. Dei meiner at det vil vere urimeleg kostnadskrevjande og risikofylt å velje eit nytt reinsekonsept basert på teknologi som enno ikkje er ferdig utvikla og kommersielt tilgjengeleg.

Verksemda meiner at det er behov for meir tid for å implementere rett løysing, både miljømessig og økonomisk. Verksemda viser til at det er sett i verk diverse nye pilotprosjekt basert på ulike teknikkar ved fleire lakseslakteri i Norge. Foreløpige resultat frå nokre av prosjekta ser ifølge verksemda lovande ut, men teknologien er per i dag ikkje sett i drift i stor skala.

Miljøtilstand i resipienten

Prosessavløpsvatnet blir ført direkte ut i fjorden på ca. 50 meters djup i ein 6 km lang utsleppsleidning, med utsleppspunkt vest for Trettholmsosen.

Verksemda har direkte utslepp til vassførekomsten Goddo-ytre (ID: 0260000033-C), jf. Vann-Nett. Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Seashore Industri AS utført miljøgransking ved avløpet til fiskeforedlingsanlegget. Granskinga vart utført 26. juni 2023.

Den økologiske tilstanden til vassførekomsten er klassifisert som god, medan den kjemiske tilstanden ikkje er klassifisert. God økologisk tilstand i vassførekomsten er basert på resultata frå ei MOM-C-gransking i 2021 ved lokalitet Krossholmen lengre sør i vassførekomsten, og ei marinbiologisk gransking i Nesaosen i 2015. Basert på resultata frå alle stasjonane i denne granskinga er den samla økologiske tilstanden «svært god» etter rettleiar 02:2018. Stasjonane framstod som ikkje påverka av organiske tilførslar frå utsleppet.

Det er fleire kjelder til utslepp i vassførekomsten, mellom anna ligg det to akvakulturanlegg i vassførekomsten.



Utstrekning av resipient i Goddo-ytre i Vann-nett.

I følgje Vann-Nett vil vassførekomsten nå målet om god miljøtilstand.

Naturmangfald
Naturmangfaldlova krev at avgjerder skal vere grunngjevne ut frå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerder skal enten vere baserte på vitskapleg kunnskap eller, dersom dette ikkje finst, på «føre-var prinsippet». Naturmangfaldet gjeld bestandssituasjonen til relevante artar, utbreiing og den økologiske tilstanden til naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg høve til saka sin natur og fare for skade på naturmangfaldet.

Seashore Industri AS si verksemd er eit eksisterande anlegg som er lokalisert til eit område som er regulert til industri, og som alt er påverka av menneskeleg aktivitet og inngrep. Det er difor lite sannsynleg at endring av løyvet vil føre til ytterlegare skade på naturmangfaldet. I tillegg vil ein revisjon av løyvet for å oppfylle BAT innebere ei skjerping av krava til utsleppet frå verksemda, og dette vil føre til mindre belastning for naturmangfaldet. Statsforvaltaren har totalt sett vurdert at aktivitetane ved verksemda ikkje påverkar naturmangfaldet i nemneverdig grad, jf. § 8 som gjeld kunnskapsgrunnlaget. Det er difor ikkje gjort vurderingar etter §§ 9-12. Vi viser elles til vurdering i vedtak om løyve 23.09.2013.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Statsforvaltaren gir Seashore Industri AS nytt løyve for å sikre at vilkåra er i tråd med dagens krav. Vi vurderer også verksemda sine aktivitetar opp mot anna relevant regelverk.

Anlegget har ein produksjonskapasitet på meir enn 75 tonn ferdig produkt per døgn, og er difor omfatta av IED, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I pkt. 6.4. b. (i). Vidare er verksemda omfatta av BAT-konklusjonane for næringsmiddelindustri av 4. desember 2019 (Food, drink and milk).

I gjeldande BREF for næringsmiddelindustri, inkludert fiskeforedling/slakteri for oppdrettsfisk, er ein eigna kombinasjon av teknikkar oppført i kap. 17 - BAT 12 (a-m) gitt som dei beste tilgjengelege teknikkane for å redusere utslepp til vatn. Det er for BAT-FDM gitt utslippsgrensar for KOF, TSS, Tot-N og Tot-P i tråd med kva som er mogeleg å oppnå ved bruk av BAT i bransjen.

Utsleppsgrenser og auka produksjonsramme

BAT-konklusjonane med forpliktande utsleppsgrenser for næringsmiddelindustri er oppgitt i eit intervall. Vi har fått føringar på at vi i utgangspunktet skal fastsetje grenseverdi tilsvarande lågaste/strengaste nivå i løyvet. Strengaste nivå er berre aktuelt å greie ut om dersom det vil gje ein stor positiv miljøeffekt eller dersom verksemda kan oppnå dette utan betydelege tiltak eller kostnader. Om verksemda oppnår det lempelegaste nivået, men ikkje det strengaste nivået i intervallet, kan vi i vurdere å gi eit oppfølgingskrav om å gjere greie for kva tiltak og kostnader som skal til for å oppnå lågaste verdi. Dersom verksemda ikkje klarer å oppnå det strengaste nivået i BAT-AEL-intervallet, må de oppgje kva nivå i intervallet de klarer å oppnå og grunngje dette.

Verksemda har per i dag ikkje bestemt reinseløysing for prosessavløpsvatn, så dette punktet vil vi komme tilbake til, om det blir aktuelt.

Vi er kjende med at verksemda med dagens reinseløysingar ikkje vil klare å oppnå utsleppskrava fastsette i BAT-AEL. For å klare krava vil det vere naudsynt med store oppgraderingar av reinseanlegget.

Vi ser at ein investering på 50 MNOK kan vere ein stor kostnad for verksemda og risikofylt med tanke på at reinseteknologien for denne type utslepp ikkje er ferdig utvikla. Det kan difor vere naturleg å innvilge eit mellombels unntak frå BAT-AEL, slik at verksemda har meir tid til å finne den optimale reinseløysinga for utsleppet. Vi vurderer at det ikkje er noko stor risiko for redusert eller irreversibel skade på resipienten ved å innvilge eit mellombels unntak frå BAT-AEL. Statsforvalteren vurderer at det likevel vil vere ein miljøfordel ved å reinse avløpsvatnet i tråd med BAT-AEL.

Verksemda har søkt om auka produksjonsmengd frå 55 000 til 75 000 per år. Hovudregelen er at verksemda må lukke avvika og at utsleppa må vere i samsvar med BAT-AEL, før Statsforvaltaren kan gje auka produksjonsramme. Verksemda må komme i lovleg tilstand i eksisterande løyve før ei eventuell utviding. Statsforvaltaren erkjenner at utsleppskrava til verksemda har vore strengare enn det som har vore vanleg for tilsvarande verksemder, i tillegg til at krava har vore basert på feil grunnlag, jf. innleiande avsnitt .

Vurdering av unntak frå BAT-AEL

Prosessavløpsvatnet frå fiskeslakteri er spesielt ved at det inneheld blod frå bløgging og utbløding, at det kan innehalde mykje sjøvatn (relativt høg saltkonsentrasjon) og at temperaturen er låg, ofte 0-4 °C. Dette er faktorar som mellom anna kan gjere det vanskeleg å få til biologisk reinsing med tradisjonelle metodar som aktivt slam-prosess eller MBBR-anlegg. I tillegg vil eit biologisk reinseanlegg kunne vere sensitivt for andre ytre påverknader som t.d. at prosessavløpsvatnet inneheld varierande mengder vaske- og desinfeksjonsmiddel som kan ha inhiberande effekt på mikroorganismane.

Det vert no jobba på fleire hald i denne sektoren innan fiskeforedlingsindustrien med å utvikle reinseteknikkar å få på plass eigna reinseløysingar for denne typen utslepp. Ut frå det vi har kjennskap til, ser det per i dag ikkje ut til at det finst teknologi som klarer å reinse denne typen prosessavløpsvatn ned til BAT-AEL-nivå. Fleire verksemder har inngått samarbeid med leverandørar av reinseteknologi, og ulike reinsemetodar er under utprøving.

Etter vår vurdering vil mellombels lempelegare utsleppsgrensar, ikkje føre til irreversibel skade eller fare for redusert tilstand av vassførekomsten. Verksemda vert difor innvilga mellombels unntak frå BAT-AEL med bakgrunn i at verksemda manglar ei teknisk løysing som oppfyller reinsekravet som

følgjer av BAT-AEL og at verksemda treng tid til å planlegge og etablere eit reinseanlegg som tilfredsstiller krava.

For å oppretthalde like konkurransetilhøve i bransjen, i tråd med føremålet til direktivet, og i samsvar med praksis om å vurdere unntak etter fire år, vert det innvilga unntak fram til 31.12.2029. Dette er også i tråd med tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet av 28.04.2024 om unntak for Seashore Industri AS. Vidare drift frå 31.12.2029 skal stette krava til BAT-AEL. Grenseverdiar som gjeld for unntaksperioden, er angitt i løyve vilkår 3 tabell 3 -1. Grenseverdiar som gjeld frå og med 31.12.2029 er gitt i løyvet i vilkår 3 i tabell 3- 2.

Dersom verksemda har behov for ytterlegare unntak etter 01.01.2029, og oppfyller vilkåra i forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd, må de søkje om fornya unntak. Søknaden skal sendast i god tid før unntaket går ut, seinast innan seks månader før utløpsdatoen. Verksemda skal ved eit eventuelt avslag på søknad om nytt unntak halde grenseverdiane frå fristen fastsett i dette løyvet.

Dei mellombelse grenseverdiane for unntaksperioden er fastsett med utgongspunkt i tidlegare grenseverdiar i løyve frå 2014 og rapportere utsleppsdata frå eigenkontrollrapporteringa.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at forureininga frå produksjonen ved Seashore Industri AS vil vere akseptabel, sett i lys av føremåla og retningslinene i forureiningslova §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningssituasjonen i området og opplysningane om produksjonstilhøve, utslepp og anna miljøverknad ved verksemda som ligg føre i informasjonen vi har fått tilsendt, samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gir vi endra løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår. Verksemda får samstundes unntak frå BAT-AEL, jf. forureiningsforskrifta § 36-15 fjerde ledd i 4 år. Statsforvaltaren meiner at vilkåra for å gi tidsavgrensa unntak frå BAT-AEL er til stades, både ut frå lokale miljøtilhøve og tekniske tilhøve.

Verksemda har behov for tid til å installere og optimalisere nye reinseløysningar, for å klare krava til BAT-AEL. Statsforvalteren vurderer at det er grunnlag for å gi tidsavgrensa unntak slik at verksemda kan etablere den beste reinseløysinga ved anlegget.

Statsforvaltaren legg vekt på at stoffa i utsleppet til verksemda er biologisk nedbrytbare, og eventuelle effektar i resipienten i ein avgrensa periode vil vere reversibel. Resipientgransking ved anlegget indikerer at verksemda sine utslepp til no, ikkje har påverka resipientane i nemneverdig grad, eller ført til dårlegare miljøtilstand.

Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

Rammevilkår (vilkår 1)

Ramma gjeld utslepp av prosessavløpsvatn frå aktivitetane ved anlegget. Løyvet fastset ei maksimal årleg utsleppsramme på 375 000 m^3. Statsforvaltaren gir løyve til å auka produksjonsramma i samsvar med søknaden, under føresetnad om at verksemda klarer BAT-AEL. Miljøgranskinga syner god økologisk tilstand og utsleppspunktet ligg i eit ope havområde. Næringsstoffa vil truleg spreiast og fortynnast over eit større område. Vi vurderer at ein auke i produksjonsramma har låg risiko for negativ verknad på resipienten.

Utslepp til vatn (vilkår 3)

For å regulere det totale utsleppet frå verksemda, og samstundes sikre at avløpsvatn ikkje blir fortynna for å halde konsentrasjonsgrensene, har vi sett ei ramme for tillaten årleg utsleppsmengd frå anlegget.

I tillegg til grenseverdiar basert på BAT-AEL set vi normalt andre grenser, m.a. mengdegrenser som middel over periodar som døgn, månad eller år som sikrar regulering av det totale utsleppet frå ei verksemd. Desse grensene vil då gjelde uansett, også ved “ikkje-normale” driftstilhøve. Utsleppa frå ein "ikkje-normal" periode der grenser fastsett i tråd med BAT-AEL ikkje gjeld, jf. over, må regnast med i årleg rapportering av langtidsgrensa og verksemda må difor kvantifisere og rapportere utsleppa også ved "ikkje-normale" driftstilhøve.

Ramma gjeld utslepp av prosessavløpsvatn, og omfattar ikkje sanitært avløpsvatn, utandørs avløpsvatn, eller anna vassforbruk som ikkje er knytt til produksjonsprosessane eller som har vore i kontakt med prosessutstyr, råstoff, eller avfall. Dette vilkåret er i tråd med BAT-konklusjonane for bransjen, der reduksjon av vassforbruk og utsleppsmengd er ein sentral del.

Med prosessavløpsvatn meiner vi spylevatn, reingjeringsvatn, transportvatn, blodvatn, slaktevatn eller vatn som har vore i direkte kontakt med råstoff, produkt eller avfall, eller som er tilført forureinande komponentar frå andre kjelder.

Utslepp til luft (vilkår 4)

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgjevnaden blir avgrensa mest mogleg. Dersom det oppstår problem med lukt, kan Statsforvaltaren stille krav om luktundersøking og eventuelt stille strengare krav basert på resultata av undersøkinga.

Støy (vilkår 7)

Støygrensene er gitt i samsvar med kva som er praksis i bransjen.

Miljøovervaking (vilkår 11)

Dersom Statsforvaltaren, vassregionstyresmakta eller kommunen ønskjer å vurdere kva effekt utsleppet har på vass- og sedimentkvalitet i resipienten, pliktar verksemda å bidra økonomisk til overvakinga ut frå storleiken på prosessutsleppet. Krava i vassforskrifta gjer at det er naudsynt med granskingar og tiltak i vassførekomstane i Norge, og det er venta at verksemdene som har utslepp skal bidra inn i dette.

Tiltaksplan for unntaksperioden (vilkår 15.1)

Det er sett vilkår om at verksemda skal utarbeide ein tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden for å etablere tilstrekkelege reinseløysingar for å oppnå krava til BAT-AEL. Dette kravet er sett for at Statsforvaltaren skal kunne følgje verksemda tett opp i unntaksperioden.

Utgreiing om korrelasjon mellom KOF og TOC (vilkår 15.4)

BAT-konklusjonane opnar for at BAT-AEL for KOF kan erstattast med ein grenseverdi for TOC. Dette føreset at det finst ein korrelasjon mellom KOF og TOC ved det aktuelle anlegget.

BAT-konklusjonane opplyser at TOC er å føretrekke som analyseparameter fordi det ved analyse av KOF blir nytta giftig kaliumdikromat. Sidan verksemda nyttar til dels store mengder sjøvatn i produksjonsprosessane, er det i tillegg knytt utfordringar til å nytte KOF-metoden fordi han er sensitiv overfor klorid-ionar.

For å få til ein erstatning av grenseverdien for KOF med tilsvarande grenseverdi for TOC, set vi målekrav for TOC i løyvet, og krav om at de skal greie ut korrelasjonen mellom parametrane, jf. vilkår 15.4 i løyvet.

Saksgang

Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

Korrespondanse

Som ei førebuing av revisjonsarbeidet vart verksemda beden om å sende inn oppdaterte opplysningar om aktivitetane ved verksemda, inklusive eventuelle endringar og opplysningar som elles er naudsynte for å kunne vurdere utsleppa. Dette vart oversendt frå verksemda i brev av 01.12.2020.

I brev av 01.07.2021 søkte verksemda om auka produksjonsramme i løyve etter forureiningslova og i brev av 06.11.2023 vart det søkt om tidsavgrensa dispensasjon frå utsleppskrav etter industriutsleppsdirektivet. Saka vart sendt til Miljødirektoratet i brev av 25.07.2024 for samråd om unntak frå dei bindande utsleppsgrensene for BAT-AEL. Miljødirektoratet gav i brev av 28.08.2024 medhald på samråd om unntak frå BAT-AEL.

Sidan nytt løyve ikkje medfører nokon lemping av vilkåra i tidlegare løyve, men snarare ei innstramming med fleire krav til verksemda, har vi vurdert at det ikkje vore naudsynt med ei offentleg høyring etter forureiningsforskrifta § 36-5.

Verksemda fekk tilsendt utkast til løyve og oversendingsbrev den 22.01.2026 og kom med kommentarar til denne den 13.02.2026.

Klagerett

Seashore Industri AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaka, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Ein eventuell klage på vedtaket om gebyrsats vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert teken til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Sissel Storebø
spesialrådgjevar

Vedlegg: Løyvedokument

Kopi til:

BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova
Seashore Industri AS

Løyvet er gitt i med heimel i *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16 og endra med heimel i § 18, tredje og fjerde ledd. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som har kome fram i søknad om unntak frå BAT-AEL og under sakshandsaminga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 14. Dette løyvet erstattar tidlegare løyve av 23. september 2013, sist endra 30. september 2014.

Dersom den driftsansvarlege[1] ønsker å gjere endringar i drifta, råvarer eller innsatsstoff som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må den driftsansvarlege i god tid på førehand søke om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet trådde i kraft, skal den driftsansvarlege sende ei utgreiing om omfanget av verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldåta

Driftsansvarleg	Seashore Industri AS
Postadresse	5430 Bremnes
Org. nummer	931 375 245
Næringskode og bransje	10.203 Frysing og videre bearbeiding av fisk, skalldyr og bløtdyr
Kategori for verksemda[2] / Type verksemd	6.4 b i. Behandling og bearbeiding med sikte på fremstilling av næringsmidler av animalske råstoffer (bortsett fra kun melk) med en kapasitet til produksjon av ferdige produkter på over 75 tonn per dag
Stad/gateadresse	Øklandsvegen 90
Kommune og fylke	Bømlo, Vestland fylke
Lokalisering av verksemda	UTM sone 32, øst: 5°07,765, nord: 59° 47,975'
Lokalisering av utsleppspunktet	UTM sone 32, øst: 5°03,310, nord: 59° 50,181'

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer: 2026.0135.T		Anleggsnummer: 1219.00.01
Løyve første gang gitt: 17.02.2026	Løyve sist revidert med heimel i fl. § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Lars Martin Færseth seksjonsleiar		Sissel Storebø spesialrådgjevar

[1] I dette dokumentet meinast:
verksemd: den forureinande aktiviteten på ein bestemt lokalitet
driftsansvarleg: den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda
[2] Jf. *forskrift om begrensning av forurensning (*forureiningsforskrifta) *kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensnningsloven*

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt og skildring av endring
1	17.02.2026	Løyve er oppdatert i samsvar med IED og ny standard elles

Innhald

1 Ramme for løyvet 4
2 Generelle vilkår 4
2.1 Utsleppsavgrensingar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
3 Utslepp til vatn 5
3.1 Utsleppsavgrensingar 5
3.1.1 Utslepp frå punktkjelder 5
3.1.2 Utsleppsreduserende tiltak 6
4 Utslepp til luft 8
4.1 Utsleppsavgrensinger 8
4.1.1 Utslepp frå punktkjelder 8
4.1.2 Utsleppsreduserande tiltak 8
4.2 Lukt 8
4.2.1 Luktavgrensning 8
4.2.2 Luktrisikovurdering 8
4.2.3 Førebyggande tiltak og driftsplan 8
4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering 9
5 Forureining av grunn, grunnvatn og sediment 9
6 Kjemikal 9
7 Støy 9
8 Energi 10
8.1 Spesifikt energiforbruk 10
9 Avfall og biprodukt 10
9.1 Handtering av avfall 10
9.1.1 Generelle krav til handtering 10
10 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 11
10.1 Program for utsleppskontroll (måleprogram) 11
10.2 Rapportering til Statsforvaltaren 11

11 Miljøovervaking 12
11.1 Overvaking av resipient etter vassforskrifta 12
11.2 Overvaking av grunn og grunnvatn 12
12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining 13
13 Eigarskifte, omdanning mv. 13
14 Nedlegging og driftsstans 13
15 Undersøkingar og utgreiingar 13
15.1 Tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden 13
15.2 Utarbeide eller revidere program for utsleppskontroll 13
15.3 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn 13
15.4 Utgreiing av korresponderande verdiar KOF-TOC 14

1 Ramme for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå slakting og foredling av laks og aure. Løyvet gjeld for ein årleg produksjon av inntil 55 000 tonn ferdig produkt og maksimal årleg utslepp av prosessavløpsvatn på 375.000 m^3.

Når den driftsansvarlege oppnår krava til grenseverdiar i tråd med BAT-AEL for utslepp av stoff/parametrar for prosessavløpsvatnet, jf. tabell 3-2, kan verksemda auka sin produksjon som søkt om til 75 000 tonn ferdig produkt pr. år. Utsleppsverdiane må dokumenterast. Maksimalt årleg utslepp av prosessavløpsvatn må reviderast i samsvar med auking av produksjon.

Verksemda har ein produksjonskapasitet på meir enn 75 tonn/døgn og er omfatta av EU sitt utsleppsdirektiv for industri (IED) og med følgjande BAT-konklusjonar for næringsmiddelindustri.

Ved vesentlege endringar (meir enn 10% samanlikna med produksjonsvolumet det er søkt om) skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2 Generelle vilkår

Generelle vilkår til verksemda følgjer også av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppa frå verksemda som blir rekna for å ha mest å seie for det ytre miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp har kome fram i samband med sakshandsaminga eller må sjåast på å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiane skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle typen verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, pliktar den driftsansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, å iverksette dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den økte forureiningsfaren, medrekna om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Den driftsansvarlege skal så snart som mogleg informere forureiningsstyresmakta om tilhøve som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare.

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast Kystverket i samsvar med gjeldande forskrift[3]. Ved slike høve skal den driftsansvarlege også, så snart som mogleg, melde frå til forureiningsmyndigheita via e-post: sfvlpost@statsforvalteren.no.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Det skal etablerast interne rutinar og utførast tiltak for å optimalisere bruken av vatn slik at mengda prosessavløpsvatn vert mest mogleg redusert. Tiltaka skal, så langt som teknisk og økonomisk mogleg samsvare med BAT.

I tabellane under er det gitt grenseverdiar for utslepp av prosessavløpsvatn. For desse utsleppa set vi krav om måling. Prøvetaking skal som minimum skje en gong per månad[4]. Konsentrasjons-grensene gjeld for ufortynna avløpsvatn frå alle prosessane ved verksemda.

Tabell 3-11 Grenseverdiar for utslepp av parametrar med krav om målingar. Gjeld frå løyvedato og fram til og med 31.12.2029.

Kjelde	**Parameter**	**Mengd per døgn (kg)**		**Konsentrasjon (mg/l)**	
		Gj. snitt	**Maksimalt**	**Gj. snitt**	**Maksimalt**
Prosessavløpsvatn	Total - fosfor	*8*	*10*	*5*	*7*
Prosessavløpsvatn	Total - nitrogen	*90*	*155*	*60*	*90*
Prosessavløpsvatn	Feitt			*Målekrav*	*Målekrav*
Prosessavløpsvatn	Biologisk oksygenforbruk (BOF_5)	*715*	*1260*	*410*	*650*
Prosessavløpsvatn	Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	*1610*	*3380*	*940*	*1900*
Prosessavløpsvatn	Suspendert stoff (SS)	*495*	*1065*	*290*	*450*
Prosessavløpsvatn	TOC			Målekrav	
Prosessavløpsvatn	Temperatur*	Grader/°C		Målekrav	
Prosessavløpsvatn	Vassmengd**	m^3/år		375 000	
Verksted	Oljehaldig avløpsvatn[5]	5***			Stikkprøve

*Temperatur og vassforbruk skal registrerast i samband med uttak av prøver
**Vassforbruket skal målast kontinuerleg
*** Kan takast som stikkprøve og er ikkje omfatta av kravet til midlingstid. Grenseverdien gjeld ved prøvetakingspunkt på oljeutskiljar.

[3] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning
[4] BREF for FMD punkt 17.1.2 Monitoring
[5] Gjeld utslepp frå verksemd normalt omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 15, slik som verkstad.

Tabell 3-2 Grenseverdiar for utslepp av parametrar med krav om målingar. Gjeld frå og med 31.12.2029.

Kjelde	**Parameter**	**Mengd per døgn (kg)** (midlingstid: år)		**Konsentrasjonsgrense** (midlingstid: døgn)	
Prosessavløpsvatn	Total - fosfor	0,3	kg/d	*0,2*	mg/l
Prosessavløpsvatn	Total - nitrogen	3	kg/d	*2*	mg/l
Prosessavløpsvatn	Kjemisk oksygenforbruk (KOF)	34	kg/d	*25*	mg/l
Prosessavløpsvatn	Suspendert stoff (SS)	6	kg/d	*4*	mg/l
Prosessavløpsvatn	Feitt	Målekrav		*Målekrav*	mg/l
Prosessavløpsvatn	Biologisk oksygenforbruk (BOF_5)	Målekrav		Målekrav	mg/l
Prosessavløpsvatn	TOC	Målekrav		Målekrav	mg/l
Prosessavløpsvatn	Temperatur*	Målekrav		Målekrav	Grader/°C
Prosessavløpsvatn	Vassmengd**			375 000	m^3/år
Verksted	Oljehaldig avløpsvatn[6]			5***	Stikkprøve

*Temperatur (både ferskvatn og sjøvatn) skal registrerast i samband med uttak av prøver.
**Vassforbruk skal målast kontinuerleg
*** Kan takast som stikkprøve og er ikkje omfatta av kravet til midlingstid. Grenseverdien gjeld ved prøvetakingspunkt på oljeutskiljar.

Utrekningar av årsgjennomsnittet skal vere basert på tal døgn ved drift av anlegget.

[1)] Grenseverdiane gjeld under normale driftstilhøve. Opp- og nedkøyring, lekkasjar, funksjonsfeil på anlegget, naudsynt vedlikehald, brå driftsstans og liknande vert ikkje rekna som normale driftstilhøve, dette under føresetnad om at pliktene til å redusere forureining så langt som mogleg, førebyggande vedlikehald (forureiningsforskrifta kap. 36A) og tiltaksplikt, jf. forureiningslova § 7, er haldne.

[2)] Utsleppsgrensene er fastsette i tråd med BAT-AEL for direkte utslepp til vatn gitt i vedtekne BAT-konklusjonar for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Statsforvaltaren vil på bakgrunn av ny kunnskap kunne fastsetje meir presise og eventuelt også strengare grenser eller krav om målingar.

3.1.2 Utsleppsreduserende tiltak

Reduksjon av vassforbruk og utslepp av prosessavløpsvatn

[6] Gjeld utslepp frå verksemd normalt omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 15, slik som verkstad.

For å redusere vassforbruket og med det volumet av prosessavløpsvatn verksemda slepper ut, skal den driftsansvarlege nytte ein passande kombinasjon av teknikkane som er lista opp under BAT 7 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Effektiv utnytting av ressursar
For å auke graden av utnytting av ressursar, skal den driftsansvarlege nytte ein eller ein kombinasjon av teknikkane som er lista opp under BAT 10 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Reduksjon av utslepp til vatn
For å redusere utslepp til vatn frå produksjonsprosessane, skal den driftsansvarlege nytte ein passande kombinasjon av teknikkane gitt i BAT 12 i BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon (FDM).

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining slik at utsleppsgrensene som er fastsette i tabell 3-1og 3-2 blir haldne.

Verksemda skal stille krav til fartøy som legg til ved verksemda sitt kaianlegg om at dei ikkje skal ha direkte utslepp av organisk forureining til sjø når dei kjem, ved lossing og når dei drar frå verksemda sitt kaianlegg.

Utsleppspunkt for prosessavløp
Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Trettholmsosen i ein 6 km lang utsleppsleidning frå verksemda. Utsleppspunktet er vest for Trettholmsosen, ut i Nordsjøen nordvest for Øklandsosen på 50 meters djup. Utsleppet skal førast ut i sjø på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg (til dømes gjennom bruk av diffusor, røyrutforming og volumfarten til utsleppet).

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller kor framkommeleg det vil bli i kommunen sitt sjøområde, krev løyve av den kommunen der tiltaket skal setjast i verk, jf. hamne- og farvasslova[7].

Dersom den driftsansvarlege ønsker å endre utsleppspunktet, må det søkast om løyve til dette.

Kjølevatn
Kjølevatnet (sjøvatn) for kjølemedium og varmepumper går rett i sjø under kai. Kjølevatnet skal førast ut i sjø på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg og ikkje fører til vesentlege temperaturendringar i resipienten. Bruk av groehindrande middel i kjølevatn med utslepp til vatn er ikkje tillate.

[7] Jf. lov om havner og farvann av 21.06.2019 nr. 70 § 14

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsavgrensinger

4.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha utslepp til luft frå punktkjelder.

4.1.2 Utsleppsreduserande tiltak

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, for eksempel lageområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan medføre skade eller ulempe for naboar og miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

4.2 Lukt

4.2.1 Luktavgrensning

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgjevnadene blir avgrensa i størst mogleg grad.

Oppbevaring og transport av avfall, biprodukt, ensilasje, spyling, reingjering, og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til luktulempe av betydning for naboar eller andre.

Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslepp i tillatelser etter forurensningsloven.* Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.2.3 Førebyggande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal den driftsansvarlege eventuelt setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Den driftsansvarlege skal då utarbeide ein driftsplan som sikrar at luktulemper ved verksemda blir avgrensa. Planen skal vere i tråd med tilrådingane gitt i vedlegg 4 til Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslepp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal driftsplanen oppdaterast.

Den driftsansvarlege skal føre driftslogg, slik at det kan dokumenterast at driftsplanen er følgd.

4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering

Den driftsansvarlege skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslepp i tillatelser etter forurensningsloven.*

Den driftsansvarlege skal informere Statsforvaltaren og naboar når det blir planlagt aktivitet som mellombels kan føre til auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr e.l. kan føre til auka luktplager.

Den driftsansvarlege skal ha eit system for registrering av innkommande luktklagar som skal knytast til stad og tid. Det skal gjerast ei vurdering av klagen opp mot driftsplanen og andre relevante tilhøve, og eventuelle gjennomførte tiltak skal omtalast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboane og rapporterast til Statsforvaltaren i tråd med punkt 10.2 og forureiningsforskrifta kapittel 36A.

5 Forureining av grunn, grunnvatn og sediment

Generelle krav knytte til forureina grunn, grunnvatn og sediment følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

Graving i forureina grunn på verksemda sitt område krev løyve etter forureiningslova § 11.

6 Kjemikal

Krav til system for substitusjon av kjemikal følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-8 og produktkontrollova.

7 Støy

Anlegget skal utformast og verksemda skal drivast slik at det ikkje fører til nemneverdige støyulemper for omgjevnadene.

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Tabell 3. Støygrenser

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ($L_{pAekv12h}$) Laurdagar, sundagar og heilagdagar: 50 dB ($L_{pAekv12h}$)	50 dB ($L_{pAekv4h}$)	Gjennomsnitt: 45 dB ($L_{pAekv8h}$) Maksimum: 60 dB (L_{AFmax})
L_{pAekvT}: gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierande støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar. *L_{AFmax}: gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.*		

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad av typen nemnt ovanfor som er etablert etter at støygrensene trådde i kraft.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

Krav til energileiing og utnytting av overskotsenergi følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

8.1 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk skal reknast ut og rapporterast årleg, jf. forureiningsforskrifta § 36A-18.

9 Avfall og biprodukt

9.1 Handtering av avfall

9.1.1 Generelle krav til handtering

Generelle krav til handtering følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36A.

Ved lagring av avfall skal:

a) den driftsansvarlege skal ha kart der det går fram kvar ulike typer avfall er lagra
b) avfallslager vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang, og lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra

c) avfall som ved samlagring eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast med naudsynt avstand

For farleg avfall gjeld i tillegg:

a) Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.
b) Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn.
c) Farleg avfall skal lagrast innandørs og på fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for de aktuelle material/avfallstypar med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom den driftsansvarlege kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern av det ytre miljøet. For anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall gjeld krava til lagring av farleg avfall i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4.
d) All lagring av flytande farleg avfall skal ha eit system som er egna til å hindre overfylling.
e) Tanker, basseng o.l. som inneheld flytande farleg avfall, skal ha overfyllingsvarsel, overfyllingsvern der det er teknisk mogleg, og alarm ved utilsikta nivåreduksjon

Lagring av farleg avfall på verksemda sitt (ute)område skal gjerast i tråd med krava i forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring av farlege kjemikal og farleg avfall.

10 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

Krav til utsleppskontroll og kvalitetssikring følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 36A.

10.1 Program for utsleppskontroll (måleprogram)

Krav til program for utsleppskontroll følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-17.

Prøvetakingsfrekvens skal oppdaterast i tråd med BAT 4 og BREF for FDM. Verksemda skal vurdere om prøvetakinga er god nok til å gje eit representativt bilete av utsleppet. Utslepp av KOF, TN, TOC, TSS og TP skal som utgangspunkt overvakast som flow-proporsjonale samleprøvar over eit produksjonsdøgn. Dersom utsleppsverdiane er tilstrekkeleg dokumenterte og stabile kan målefrekvensen justerast. Prøvetaking skal som minimum skje en gong per månad[8].

10.2 Rapportering til Statsforvaltaren

Krav til rapportering til Statsforvaltaren følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-18.

Dersom verksemda har overstige grenseverdiar som gjeld under normale driftstilhøve, og den driftsansvarlege vil hevde at dette skuldast situasjonar som nemnt i note til tabell under vilkår 3 tabell og 3-1 og 3 -2, må den driftsansvarlege gjere nærmare greie for årsakene.

[8] BREF for FMD punkt 17.1.2 Monitoring

11 Miljøovervaking

11.1 Overvaking av resipient etter vassforskrifta

Verksemda skal overvake og gjere greie for korleis utslepp frå verksemda påverkar den økologiske og kjemiske tilstanden til resipienten, inkludert eventuelle verknader frå tidlegare utslepp. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene for tiltaksorientert overvaking i vassforskrifta.

Verksemda skal i samarbeid med naudsynt fagekspertise utarbeide eit overvakingsprogram og gjere greie for kva element som vil bli undersøkt. Programmet skal grunngje val av prøvetakingspunkt, frekvens og undersøking i ulike medium (til dømes biota og sediment). Utkast til program skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknader innan 01.08.2026.

Overvakinga skal gjennomførast av uavhengig fagekspertise i tråd med godkjent program. Dersom det er føremålstenleg kan sjølve prøvetakinga gjennomførast av den driftsansvarlege i samråd med fagekspertisen.

Undersøkingane skal gjennomførast kvart 4 år. Ved endringar i utslepp eller i tilstanden i vassførekomsten kan frekvensen bli justert.

Resultata frå overvakinga skal sendast Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Dei skal presenterast i ein rapport som vurderer i kva grad det er sannsynleg at verksemda påverkar vassførekomsten. Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført ved bruk av Vannmiljø sitt importformat. Mal for import og oversikt over kva informasjon som skal rapporterast etter kodeverket i Vannmiljø, finst på Miljødirektoratet si nettside om vassmiljøkodar. Verksemda kan også bli pålagt å koste ein del av eit regionalt overvakingsprogram i regi av Statsforvaltaren for sjøområdet der anlegget har utsleppet sitt, jf. forureiningslova § 51.

11.2 Overvaking av grunn og grunnvatn

Verksemda har ikkje krav om overvaking av grunn og grunnvatn.

Dersom det gjennom innsend dokumentasjon, jf. vilkår 15.3 blir kjent at det vert brukt relevante stoff og stoffblandingar eller at det er historisk forureining i grunnen, kan Statsforvaltaren pålegge verksemda å syte for overvaking av grunn og grunnvatn. Det same vil også gjelde dersom verksemda tek i bruk relevante stoff og stoffblandingar som kan forureine grunn og grunnvatn.

Verksemda må i så tilfelle informere Statsforvaltaren om dette. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap kunne fastsetje krav om overvaking.

12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining

Krav til miljørisikoanalyse, risikoreduserande tiltak og beredskap mot akutt forureining følgjer av forureiningsforskrifta §§ 36A-19 til 36A-21.

13 Eigarskifte, omdanning mv.

Krav ved eigarskifte, omdanning mv. følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-22.

14 Nedlegging og driftsstans

Krav ved nedlegging og driftsstans følgjer av forureiningsforskrifta § 36A-23.

15 Undersøkingar og utgreiingar

15.1 Tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden

Den driftsansvarlege skal utarbeide ein tidfesta tiltaksplan for unntaksperioden for å etablere tilstrekkeleg reinseløysing for å oppnå krava til BAT-AEL innan fristen. Planen skal mellom anna innehalde tiltak med fristar, oppfølging og ansvarleg for kvart tiltak.

Frist for å utarbeide tiltaksplanen er 01.06.2026.

Den driftsansvarlege skal kvart år saman med årsrapporten rapportere framdrift for dette til Statsforvaltaren, jf. punkt 10.2 om rapportering.

15.2 Utarbeide eller revidere program for utsleppskontroll

Den driftsansvarlege skal utarbeide/revidere måleprogram for kontroll med utslepp av rapporteringspliktige stoff/parametrar innan 01.06.2026.

15.3 Tilstandsrapport om mogleg forureining av grunn og grunnvatn

Den driftsansvarlege skal vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga skal gjennomførast i samsvar med til Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*[9].

Der det verken har vore eller vil kunne førekome grunnforureining på verksemda sitt område, skal den driftsansvarlege sende inn rapport frå dei innleiande undersøkingane (trinn 1-3 i rettleiaren). Rapporten skal sendast til Statsforvaltaren innan 01.01.2027.

[9] Tilstandsrapport for industriområder - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)

Dersom Statsforvaltaren med utgangspunkt i denne rapporten finn at tilstanden i grunn og grunnvatn må dokumenterast, vil den driftsansvarlege bli pålagd å utarbeide ein full tilstandsrapport i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-630/2016.

15.4 Utgreiing av korresponderande verdiar KOF-TOC

Verksemda skal greie ut om det er mogleg å erstatte grenseverdien for KOF i vilkår 3.1.1 med ei utsleppsgrense for TOC. Utgreiinga skal kunne gjere greie for:

- korrelasjonen mellom KOF og TOC i utsleppet frå verksemda sin produksjon
- ei vurdering av om grenseverdien for KOF kan erstattast med ein grenseverdi for TOC, inkludert framlegg til eventuell grenseverdi for TOC.

Utgreiinga om korresponderande verdiar KOF – TOC skal vere utarbeid innan 01.03.2027 og seinast sendast Statsforvalteren saman med eigenkontrollrapporteringa for 2027.